

Samarbeidande kraftfylke

Fylkeskommunane:

Troms	Sogn og Fjordane	Aust-Agder
Nordland	Hordaland	Telemark
Nord-Trøndelag	Rogaland	Buskerud
Sør-Trøndelag	Vest-Agder	Oppland
		Hedmark

Leiar: Magnar Lussand,
Postadr.: Folkedal, 5736 Granvin.
Tlf. 56525828, Mobil: 93431800.
E-post: m-luss@online.no

Sekretariat: Kraftfylkesekretariatet,
Postadr.: c/o SFE, Bukta, 6823 Sandane.
Tlf. 57884719. Fax 57884701.
E-post: john.stoyva@sfe.no

Sandane 30.06.2009.

Miljøverndepartementet
Postboks 8013 Dep.
0030 Oslo

E-post: postmottak@md.dep.no

Høringsuttale – utkast til statleg planretningslinje for klima- og energiplanlegging i kommunane

Det vert vist til høringsbrev frå Miljøverndepartementet dgs. 20. mai 2009, der dept. ber om synspunkt på utkastet til statleg planretningslinje og om det er føremålstenleg med ei slik retningslinje.


På grunn av dei mange miljø- og klimaproblema knytt til bruk av fossile brennstoff, har årsmøtet til Samarbeidande kraftfylke sagt at det skal fokuserast på betring av rammevilkåra for fornybar energi.

Kraftfylke vil peike på at det både frå interesseorganisasjonar og det offentlege synest å vere motstridande signal når det gjeld utbygging av fornybar energi:

- På den eine sida er det uttrykt ønskje om betydeleg satsing på fornybar energi. Døme på dette er småkraftverk, vindkraft og bio. Grunngevinga for denne satsinga er i stor grad klimaproblemstillingar.
- På den andre sida synest det å vere sterk motstand mot utbygging av fornybar energi, og den infrastrukturen som trengst for å produsere og transportere denne energien. Grunngevinga er i hovudsak verneomsyn.

Samarbeidande kraftfylke konstaterer at her er motstridande sektorinteresser, og oppmodar departementet om klargjering.

Med vennleg helsing


Magnar Lussand
Styreleiar